

Retningslinjer for Språkprisen (19. februar 2009)

1 Prisen og føremålet

Språkrådet arbeider for å fremja og styrkja stillinga til norsk språk. Språkrådet deler difor kvart år ut ein pris for framifrå bruk av norsk i sakprosa.

Prisen heiter *Språkprisen* og blir gjeven som ein pengesum og eit diplom. Styret vedtek kvart år kor stor summen skal vera. Prisen er skattefri.

2 Kven kan få prisen

Kandidatar til prisen kan koma frå alle sentrale samfunnsområde – næringsliv, forskning, undervisning, forvaltning, presse og etermedium, teknologi, kulturliv. Prisen kan gå til ein person eller til ei gruppe (institusjon, bedrift, organisasjon).

Prisen skal gjevast for sakprosa på nynorsk og på bokmål kvart år.

Tilsette i Språkrådet, medlemmer og varamedlemmer av styret og fagrådsmedlemmer i Språkrådet kan ikkje få prisen.

Prisen kan gjevast for eit enkeltverk eller ein større produksjon frå dei siste fem åra.

3 Forslag til kandidatar

I samarbeid med juryen kunngjer Språkrådet prisen kvart år før 1. april og oppmodar alle interesserte til å gjera framlegg om kandidatar til Språkprisen innan ein fastsett frist. Framlegga kan gjerne vera grunngjevne.

4 Jury

Styret nemner opp ein jury på fire personar til å vurdere kandidatar. Funksjonstida til juryen er to år, men medlemmene kan oppnemnast for meir enn éin periode. For kvar periode blir minst éin medlem skifta ut. Styret peikar ut leiaren. Ein rådgjevar i sekretariatet fungerer som sekretær.

5 Innstilling

Juryen lagar ei innstilling til styret. Innstillinga skal vera grunngjeven. Juryen har rett til å vurdere egne kandidatar, i tillegg til at dei vurderer innkomne forslag.

6 Avgjerd

Juryen skal vera ferdig med arbeidet ein månad før tildelinga. Innstillinga bør leggjast fram for styret før vinnarane blir kontakta. Dei bør varslast tidleg så dei får høve til å planleggja å delta på prisutdelinga.

7 Utdeling

Styret, ved styreleiaren, deler ut prisen i samband med den årvisse Språkdagen.